2 uskedelingar med i spelarutvikling

19.11.2012

Uskedelingar som har gjort det godt i fotball i år: Trenar Åge Myklebust med Marius Myklebust, Sondre Myklebust, Emil Bakke Berntsen og Kjartan Tungesvik

2 uskedelingar slapp gjennom nålauget og vart med på spelarutviklingsprosjektet for gutar fødd i 1998 og 1999. Det er Marius Myklebust (98) og Sondre Myklebust (99) som begge har gjort ein sterk innsats i seriekampane dette året. To til som har spela på Rosendal slapp gjennom i begge årsklassane.
Det er sone Sunnhordland dette gjeld og første sonesamling vert avvikla laurdag 1. desember på Trott sin bane (Stord),

Neste samling blir inne, nærare bestemt i Vardhallen i Haugesund sundag 16. desember. Vidare satsast det på 2 helgesamlingar med overnatting - truleg 19. og 20 januar og 16. og 17. mars. I tillegg håpar kretsen på å få til ein avslutningskamp eller cup til våren.

På dei 2 siste samlingane blir det 24 gutar i ei treningsgruppe, med 12 i kvar aldersklasse. På dei to første samlingane vert det kalla inn fleire, 27 i 98-klassa og 30 i 99-klassa
slik at dei får sjansen til å visa seg fram. Det betyr at ikkje alle frå dei 2 første samlingane får bli med til dei 2 siste.

Håvard Hunstad, Ruben F. Særsten, Mathias Ø. Guddal og Kristoffer Eskeland er dei andre uttatte frå Rosendal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen